



ÅRGANG 5 NUMMER 4

BUDSTIKKA

ØVRE
VATS
FRISKULE

APRIL 2008

I DETTE
NUMMERET:

VATS MEIERI 1

PRØVERESULTATER 2

VATS MEIERI 3

GAMLE SKULE-
BILETE 4

VATS MEIERI - FRAMHALD

MARS 1937

Leverandør	Nr	Bygd	Liter	F %0	Pr liter	Oppgjerd
S. Sørhus	4	Blikrabygda	470	3,4	9,8	46,06
K. Vestvold	5	"	373	3,5	10	37,50
St Spartveit	6	"	542	3,5	10	54,20
T.Svantesvold	7	"	183,5	3,6	10,2	18,67
Peder Landa	8	"	491,5	3,2	9,4	46,44
Ola Landa	9	"	319	3,7	10,4	33,18
J. Mæland	11	"	483	3,3	9,6	46,37
T. Bakkevold	12	"	88,5	3,5	10	8,80
K. Blikra	13	"	405	3,2	9,4	38,07
R. Blikra	14	"	295,5	3	9	26,55
R Viland	23	"	16,05	3,5	10	16
K Sørhus	41	"	275,5	3,6	10,2	28,05
G Sannes	71	"	266,5	3,7	10,4	27,66
H Norheim	73	"	171	3,3	9,6	16,42
14			4380,0		138	
					9,86	

SAKER AV INTERESSE:

- Vats Meieri - framhald frå førre nr
- Internasjonale prøvar - Pisa
- Gamle skulebilete




Her er leveransen frå Blikrabygda i mars 1937. Til saman hadde dei levert 4380 l mjølk. Me ser vidare kor mykje dei fekk pr liter levert mjølk. Middelpriisen var kr. 9,86 pr l. Oppgjerdet var ikkje mange kroner. Stener Spåtveit fekk mest denne månaden. Han fekk kr.

64,20 Han fekk 10 øre pr l. 4 leverandørar har over denne literprisen. G. Sannes får 10,4 øre, K Sørhus får 10,2 øre, Ola Landa (Vestvold) får 10,4 øre og I Svantesvold får òg 10,2 øre literen for mjølka si. Det er i alt 14 leverandørar til saman. Me kan lesa på lista, og der finn me

fleire som enno ikkje er komne med som leverandørar ved Vats meieri. Men me finn ikkje mange. Det var kommen ein ny mann til bygda. Det var M Haukedal som budde på Sørhus. Han dreiv med ei privat verksemd, men kom sidan med - då leverte han c 1000 l/månad

RESULTATA AV SKULEPRØVANE I RELASJON TIL ANDRE KOMMUNAR OG LANDSGJENNOSNITTET




Kommune	Engelsk	Lesing	Rekning	Engelsk	Lesing	Rekning
Haugesund	20,3	19,9	24,2	23,4	31,7	31,9
Karmøy	24,1	19,3	20,2	24,5	25,7	28,5
Sauda	36,6	23,6	28,4	–	23,7	22,3
Suldal	14,0	19,6	26,0	–	–	–
Tysvær	26,7	18,4	23,3	22,3	26,6	24,7
Vindafjord	14,0	16,1	20,5	30,7	–	35,7
Bømlo	20,5	22,2	27,7	27,2	23,6	27,5
Etne	25,0	34,4	25,0	–	–	–
Fitjar	35,5	25,0	42,9	–	–	–
Kvinnherad	27,1	25,7	33,7	29,4	25,1	33,7
Odda	27,0	25,7	34,3	25,9	–	–
Stord	22,5	18,0	24,9	26,3	31,9	29,6
Sveio	12,9	11,7	21,7	–	–	–
Ullensvang	13,9	25,0	27,8	–	–	–
Hordaland	23,8	23,2	26,2	29,6	33,7	31,0
Rogaland	24,5	23,2	27,5	29,0	32,3	32,7



Me har her sett opp 6 kommunar i relasjon til kvarandre. Det er heller eit dystert syn. Det er faget engelsk som skårar best, her er det to kommunar som er over middelen på landsplan. Elles ser me at alle ligg under meir eller mindre.

Både i lesing og rekning er dette under det me skulle venta. Det er særleg dårleg for vår Vindafjord og Sveio. Sauda greier seg best i alle faga. Men alle kommunane er under middel unntatt i faget engelsk.

PROSENTVIS AVVIK FRÅ MIDDEL PÅ LANDSPLAN



Her ser me faget sett opp med %-vis avvik frå middel på landsplan. Engelsk går langt under streken for tre av kommunane - Sveio er her dårlegast. Vindafjord kjem som god nr to frå botnen. Sauda er unntaket med nærare 60% over middel. Haugesund har 14% over middeltalet. I rekning er alle under middel. Her kjem Sveio svært dårleg. Heile tre kommunar ligg over 40% under meddelen på landsplan. I lesing er det Vindafjord som er desidert dårlegast. Over 35% under middel ligg me i dette faget. Dette er kjent frå media for alle. No kan me meir sjå korleis det faktisk er i vår eigen andedam. Myndighetene veit ikkje si arme råd, og det synest som det er økonomiske ressursar som skal løysa flokane.

Me skal visstnok ha verda sin dyraste skule. At resultatane er som der er, skuldast av den grunn ikkje for små løyvingar. Finland har ein svært god skule, skal me tru kva media fortel. Me trur at me no ser fruktene av det jaget det har vore etter å få til større og større einingar. Den vesle skulen hadde kvalitetar som ingen visste om før dei var borte. Dei kosta svært lite - oftast var dei gratis og skulen vart sentret i det vesle miljøet som skapte identitet og integritet. Alle visste om kvarande - og kunne hjelpa kvarandre. Oppsedinga vart ikkje berre heilmen/skulen sitt ansvar. Det vart ei bygdasak. Difor vart løysinga etter vår meining - heller å gå eitt eller to steg attende! Friskulane ligg klare Der lever dei gode kvalitetane

ØVRE VATS FRISKULE

5576 Øvre Vats

Telefon: 52 76 58 10

Mob 92287605

Bankgiro nr 0520 202 8006

E-post: lokland@pc-nett.no



Øvre Vats friskule

Vik skule og barnehage

5568 Vikebygd

Trivsels-skulen

GAMLE SKULEBILETE



Dette er klassen som vart konfirmert i 1944. Skulen hadde fått nye elevar. Det var dei to gutane Tormod Næs og Knut Brandsgård. Tormod kom frå Våråneset og Knut budde no på Sørrhus Han hadde tidlegare budd på Sandnes nokre år. Elles finn me desse elevane på biletet. Fremst: *Borghild Bakkevold Rullestad,*

Kristine Landa Nordland, Anna Urdal Heggebø, Valborg Alvseike Tveit, Ragnhild Alvseike og Marta Tuft. Bak: *Fr. Eidhammer, Tormod Næs, Knut Brandsgård, Toralf Urdal.* Året er 1944 - 2. verdskrigen går inn i sin siste fase. Tyskland taper på alle frontar og dei allierte har gått i land i Normandi. Men krigen rasar som



Klassebiletet frå 1946. Me ser frå venstre 1. rekke: *Eli Sjurseike (Sandnes)(1933), Eliabeth Eikjeland, Johanna Landa Helvig, Solveig Leifsen og Anna Skår.* Bak: *Agnes Alvseke, Torbjørn Gjellestad. Bjarne Næs og læraren Fr. Eidhammer*

aldri før. Det er vandt med mat og klede. Bygda vart svært populær. Her var det nemleg mat å få. Blikrabygda vart kalla Gosen under krigen. Hamstarane kom i flokkavis, og alle vart tekne mot. Bak lukka dører strevde heimefronten med sitt. Lite visste dei fleste om kva som gjekk føre seg. Kvernhuset på Svantesvold var møtestaden for våpenopplæring. Eit bankesignal sleppte dei innfor. Om ikkje så mange månadene vart det alvor i landet vårt òg. Desse elevane vart konfirmerte hausten 1944. Då var det sko med trebotnar som konfirmantane brukte. C 1/2 år seinare slår fredsklokkene - 7/8. mai 1945. Men få visste klårt kva som kom til å henda. Somme hadde radio som dei lydte på i smug. Somme var godt orienterte og hadde kart oppslått på veggen kring i heimane. I alle fall voks desse elevane opp under krigen. Dei tok til skulen som fyrste klassen på det nye skulehuset i 1937.